



KYRKJEBLAD FOR VALLE, BYKLE OG HYLESTAD.

Nr. 3.

10. mars 1939

1. årg.

Det er fastetid.

«Stille, stille! Jesus lider, blodet brenn og sjeli kvider, det er fastetid.»

Då dei so hadde sunge lovsongen, gjekk dei ut til Oljeberget. Då seier Jesus til dei: «I denne natti kjem de alle til å styggjast ved meg og forlate meg. For det stend skrive: Hyrdingen slær eg i hel og saueflokken skal spreidast,» Matt. 26, 30—31.

Kjærleiksmåltidet var slutt. Høgdepunktet i Jesu liv her på jorda var tilende. Lovsongen var tagna. Jesus går stille med sine disiplar over Kedron til Oljeberget. Ingen seier noko. Det er fastetid.

Då seier Jesus stille: «I denne

natti kjem de alle til å styggjast ved meg og forlate meg.» **Disiplane vilde ikkje fasta.** Jesus sa dei føreåt korleis det vilde ganga. Men ingen ville vita det. Allvist ikkje ein Peter. Dei lova alle å stå fast ved hans sida. Så tar han dei tri varmaste og vaknaste med seg lenger inn i Getsemane. Men dei sovna alle. Sjølv kjærleikens apostel sovna. — Dei visste godt at Jesus hadde det tungt. «Mi sjel er sorgtyngd reint til døden.» Så be han dei personleg: «Ver her og vak med meg.» Ingen kunne. Ingen ville. Alle sovna. Dette ordet er aktuelt idag. Dei fleste styggjest ved Jesus og forlet han. Dei fleste truande søv. Det er fastetid, men ingen vil faste.

Jesus var den einaste som fasta denne natt. Me ser han i Getsemane. Tre gonger be han. Den siste bad han så varmt at blodet brann på hans panne. Han ha fått ei serleg kraft av engelen som kom og styrkte han. Kva styrkte han Jesus med? Ingen veit det. Ei smågjenta svara eingong slik: «Engelen synte Jesus alle menneskesjeler som elles måtte gå fortapt.» Me ser han på Via Dolorosa. Hans hender var bundne. Han bar sjølv sin kross. Han vart pint — han den skuldlause. Me ser han på krossen. Her bad han og tre bønner. «Fader forlat dei for dei veit ikkje kva dei gjer.» — «Min Gud, min Gud, kvi hev du forlate meg.» — «Eg er tyrst.» — Han tyrste etter menneskesjeler. Og straks etter kunne han ropa: «Det er fullført.»

Sidan den dag var det læreseveinane som måtte faste. Brudgommen var teken ifrå dei. — Etter Himmelfarten var dei saman i bøn. Etter pinse vart dei forfylgde og sette i fengsel. Dei kom under slag og spott. Dei var som syrgjande, men alltid glade. Gleda, kjærleik og fred var frukt av deira faste. — Det kan koma ei slik tid også for oss, då me må fasta. Ljosestaken kan flytjast frå oss. Då driv det oss inn i bøn. Berre det ikkje då er for seint. Det er no me må be. Det er no fastetida er. Denne ånd kan

ikkje drivast ut, utan med bøn og faste.

Omvendingar.

Etter vår truvedkjening (Augustana XII) er omvendinga samansett av to delar. Anger og tru. Som midtpunktet i frelsens orden er omvendinga også vendepunktet i eit menneske sitt liv. Det vender seg frå synda og til Gud. Ein går i seg sjølv og vil lik den burtkomne son venda heim att til Gud. Såvel Guds nåde som vår vilje er medverkande årsaker til omvendinga. Tilskundinga og krafta til å snu om kjem frå Gud. Ingen kjem til Sonen utan Faderen fær draga dei, gjenom ymse livsføringar. Under denne draging får menneskje gjenom denne førebuaande nåde kraft til å velja og vilja omvenda seg. Utfrå dette vert omvendinga det at Gud omvender meg, så eg retteleg vert omvendt, 1. Kor. 15, 10, og i hans kraft det at eg vil omvenda meg. At det er slik viser desse ord av Jesus: «Omvend dykk.» og «De ville ikkje.» Atterfødinga er åleine Guds verk, medan omvendinga kjem istand såvel gjenom Guds nåde som menneskje sin vilje.

Den ytre tilskunding og medvirkande årsak kan vera ulik, t. d. hjå Paulus, Peter, Natanael,

VEGEN.

Utgjevar: Dei tre sokneråda.

Redaktør: Soknepresten.

Kasserarar:

Eivind Homme i Valle.

Dreng Byklum i Bykle.

Hans Hovet i Hylestad.

VEGEN kjem ut i Valle 10. i kvar
månad og kostar kr. 1,—.

Utanbygdes betalar kr. 1.50.

Nikodemus. Men innhaldet er likt: Anger og tru. Den som er i si dåpspakt, treng ingen omvending, men må ha ein konfirmasjon, eit gjenombrot til medvite liv med Gud. Det er det som er målet for konfirmasjonen.

Elles er kristenlivet ei dagleg omvending, idet ein dagleg har anger og tru. Kingo har uttrykt dette slik: «Aldri er jeg uten våde, aldri dog foruten nåde.» Den daglege omvendinga høyrer elles betre inn under helginga, som me seinare skal tale om.

Eit vanskelegare spørsmål blir dette: Kan nådetida ta slutt føre døden? Det er klårt at eit menneske k a n gjera den utilgjevelege synd, og såleis bli saka i ei æveleg synd. Mark. 3, 29. Men då er også eit menneske kome i den tilstand at det ikkje vil omvenda seg. P. d. a. s. står det at den som vil han kome. Me ser og at røvaren på krossen blei omvend på dødssenga. For meg står

det slik at forherdinga kan nå den høgde, at synderen korkje kan eller vil omvenda seg, men at dette gjeld serleg den fråfaldne, Hebr. 6, 4—5. I dei aller fleste tilfelle trur eg at nådetida varer inntil eit menneske sloknar. Men di lenger eit menneske utset med omvendinga, di hardare blir ein, og mange er dei som aldri når fram, som aldri blir omvendt. «Eg ville», «men de ville ikkje.»

a.

Hvem er dog denne?

Joh. 9.

De kom halende med kvinnen. Synderinnen. Allverden var overbevist om hennes skyld. Det fantes ingen ren utvei. Loven øinet ingen. Farisæerne heller ikke. Skyldig til døden, sa loven. Farisæerne også. De, — synderne stirret sig rasende på kvinnen. De, — synderne stod ferdige til å stene henne. Der var ingen barmhjertighet.

Men hvad gjorde han, Mesteren som ingen kunde overbevise om synd? Han — tilgav. Tenk, tilgivende Hellighet. Hvorledes? En gåte. Det er bare et eneste svar. **Han er Gud.**

Finn Olsen.

Misjonen.

I desse land i by og bygd,
me leva kan i fred og trygd,
og mangt so gildt og gjevt me hev.
Den lukka kristendomen gjev.

Men alle denne skatt kje eig.
I verdi er so mang ein teig,
der folket gjeng i mørkret villt,
og hev det syrgjeleg og illt.

So desse folk kan ljuset få,
me vel det verkjet stydja må.

Og vonleg alle dette gjer, ...
som takksemd, skyn og kjærleik ber.

R.

FRÅ KYRKJE OG KRISTENLIV

1. Fødselsmeldingar må meldast til soknepresten seinast ein månad etter fødselen, ifall ein ikkje melder fødselen til jordmora.

2. Dødsmeldingar må meldast til lensmannen og klokkaren straks.

3. På Finnemisjonens utlodding v/ Adolf Steen kom inn kr. 62.00.

4. Kyrkjebladet vårt vert godt motteke. Mest alle har betalt kr. 1.00. Bjørn Harstad betalte kr. 2.00. Ein kan betala til den av soknerådsmedlemene som bur nærast.

5. Me har den glede å meddela at Birgit Rike, Vennesla, vil gjeva ny altarduk til Valle kyrkje.

6. Dei som skal ha skriftemål må møta ½11 presis.

FØDDE

1/1 Torleiv Knutson Løyland, Valle.

11/2 Såve Olavson Bakken, Valle.

3/2 Tor Olavson Haugum, Valle.

18/2 Olav Tallakson Hoslemo, Bykle.

DØDE

13/2 Gro Targeisdotter Brokke, f. 1907

Sæle er dei døde som dør i Herren.

GUDSTENESTER

15/3 Valle kyrkje. Fastemesse kl. 6.

19/3 Bykle kyrkje kl. 11. Offer til menighetskassen.

26/3 Valle kyrkje kl. 11.

29/3 Valle kyrkje, fastemesse kl. 6.

2/4 Hylestad kyrkje kl. 11.

6/4 Valle kyrkje kl. 11. Nattverd.

7/4 Hylestad kyrkje kl. 11. Nattverd.

9/4 Valle kyrkje kl. 11. Offer til konfirmantbiblar.

10/4 Hylestad kyrkje kl. 11. Offer til konfirmantbiblar.

Høyr Herrens ord i Herrens hus på Herrens dag.

Lat ikkje ei gudstenesta gå deg forbi.

Sit bedande med du høyrer Ordet.

Syng med eit bedande hjarta!

MØTER

19/3 Bykle bedehus kl. 4 v/ soknepr.

26/3 Oveinang kl. 4 v/ soknepresten.

1/4 Møte i Brokke kl. 7 v/ soknepr.

2/4 Møte på Helle kl. 4 v/ soknepr.

Emmisær Finn Olsen blir i Valle med påskehelga.

Sokneprest Hammerstrøm kjem til Valle og talar i Valle kyrkje tysdag 25/4 kl. 6,

Hylestad kyrkje onsdag 26/4 kl. 6.

Bykle kyrkje torsdag 27/4 kl. 6.

I alle kyrkjer offer til Menighetsfakultetet.

I FASTETIDA

1. Men Jesus sa: Fader forlat dei, for dei veit ikkje kva dei gjer.

2. Jesus svara: Det segjer eg deg for visst: Idag skal du vera med meg i Paradiset.

3. Kvinna, der er son din. Så seier han til læresveinen: Sjå der er mor di.

4. Min Gud, min Gud, kvi hev du forlate meg.

5. Eg er tyrst.

6. Det er fullført.

7. Fader, i dine hender gjev eg mi ånd.